



Arkivnr: 2014/10030-40

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		18.08.2015

**Administrativ samanslåing av skular****Samandrag**

Handsaminga av Skulebruksplanen for Hordaland resulterte i vedtak om ein plan for framtidig skulestruktur. Vedtaka om nye skular og fysiske samanslåingar ligg i tidspennet fram til 2025. Framleis har Hordaland fleire små skular som ligg relativt nær kvarandre. Difor vil det i flere høve vere naturleg å vurdere administrativ samanslåing av skular i tida framover. I denne saka søker ein å avklare kva generelle prinsipp som skal leggjast til grunn og korleis administrativ samanslåing av skular skal gjennomførast. Vidare er det trond for å avklare når fylkesrådmannen har fullmakt til å sette i verk ei administrativ samanslåing.

Med bakgrunn i dei politiske vedtaka som er gjort i samband med Skulebruksplanen (SBP), vil desse skulane vere mest aktuelle for administrativ samanslåing i den kommande tida:

- Arna vgs og Garnes vgs
- Norheimsund vgs og Øystese gymnas
- Skular som skal gå inn i Nye Åsane vgs

**Forslag til vedtak**

1. Der det ligg føre vedtak om framtidig fysisk skulesamanslåing, har fylkesrådmannen fullmakt til å sette i verk ei administrativ samanslåing. OPHE skal informerast med melding når arbeid med administrativ samanslåing vert starta.
2. I Arna og Kvam vert det sett i verk administrativ samanslåing av skulane. Skulane på dei to stadane skal ha ei leiing og vere ei økonomisk-administrativ eining seinast innan skulestart 2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggeheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Fylkesrådmannen, 30.06.2015

## Administrativ samanslåing

Hordaland fylkeskommune har ein desentralisert skulestruktur med eit breitt geografisk tilbod. Pr i dag har HFK 43 vidaregåande skular, og mange av desse er små skular med relativt få elevar. Skulebruksplanen for Hordaland vart handsama i fylkestinget i desember 2012 og mars 2013. Planen sette fram kriterier for mellom anna skulestorleik og type skular ein skal planleggje for i ein framtidig skulestruktur. Planen resulterte i vedtak om ein plan for framtidig skulestruktur med nye skular og fysiske samanslåingar fram mot 2025. Det er likevel framleis mange små skular i drift som geografisk ligg relativt nær kvarandre. Difor vil det i fleire høve vere naturleg å vurdere administrativ samanslåing av skular i tida framover.

I denne saka søker ein å avklare kva generelle prinsipp som skal leggjast til grunn og korleis administrativ samanslåing av skular skal gjennomførast. Vidare er det trond for å avklare når fylkesrådmannen har fullmakt til å sette i verk ei administrativ samanslåing.

Med bakgrunn i dei politiske vedtaka som er gjort i samband med Skulebruksplanen (SBP), vil desse skulane vere mest aktuelle for administrativ samanslåing i den komande tida:

- Arna vgs og Garnes vgs
- Norheimsund vgs og Øystese gymnas
- Skular som skal gå inn i Nye Åsane vgs

## Målsetting

Målsettingar med administrativ samanslåing er å leggje til rette for ein skulestruktur som i større grad er tilpassa kriterier i skulebruksplanen. Større einingar og fagmiljø er føremålstenleg med tanke på vidare utvikling av opplæringstilbodet og ivaretaking av samfunnsoppdraget. Større einingar vil vere meir robuste i høve til endringar i elev-/søkjargrunnlaget frå år til år. På den måten vil samanslåing til større einingar kunne bidra til meir stabilitet for personalet. Administrativ samanslåing skal og bidra til økonomisk innsparing i leiarstrukturen.

## Skulestorleik

Skulebruksplanen legg til grunn følgjande kriterier når det gjeld skulestorleik

### Skulestorleik og -typer:

- Vidaregåande skular i Hordaland bør i gjennomsnitt ha omlag 600 ordinære vgs-elevar. Normalt bør ikkje skulane ha mindre enn 300 elevar, eller meir enn 1200 elevar.
- Skular med studiespesialiserande utdanningsprogram bør ha minst 4 parallellear (helst fleire).
- Skular med yrkesfag bør ha minst 4 parallellear på Vg1 og fleire programfagtilbod på Vg2 på dei utdanningsprogram skulen har.
- Skular med Vg3 Påbyggingskurs til generell studiekompetanse bør ha minst 3 parallellear.
- Det er ønskjeleg med ein større del kombinerte skular (med robuste tilbod), men det kan forsvaret å ha reine studiespesialiserande skular og reine yrkesfaglege skular dersom elevgrunnlaget på skulane samla sett er stort nok (jf. kriteria om skulestorleik).
- Det bør leggjast til rette for skular med god blanding av tradisjonelle jente- og gutefag.
- Kombinerte ungdoms- og vidaregåande skular (8-13-skolar) kan vurderast der det ligg praktisk og fysisk til rette for det. Kriteria vedkomande skulestorleik og fagtilbod/fagmiljø skal også gjelde for desse skuletypane.

Med bakgrunn i kriteria over ser fylkesrådmannen det som naturleg at skular med under 300 elevar skal vurderast å slåast saman administrativt dersom det er ein rimelig geografisk nærleik mellom skulane. Vidare er det tenleg at ei administrativ samanslåing er første steg mot ei fysisk samanslåing. Difor bør eit vedtak

om framtidig fysisk samanslåing vektleggast sterkare enn skulestorleik og geografisk nærliek. Dersom det ligg føre vedtak om fysisk samanslåing, er det ønskjeleg at ein startar arbeidet med administrativ samanslåing så raskt som mogleg. Dette vil gje gevinstar i høve til å starte fagleg samarbeid og bygging av felles kultur i forkant av fysisk samanslåing.

## Økonomi

Skulebruksplanen legg til grunn følgjande kriterier når det gjeld økonomi:

### Økonomi:

- Ny skule- og tilbodsstruktur bør redusere presset i driftsøkonomien, m.a. ved færre skular, samling av fagtilbod, fylte klassar og betre utnytting av kapasitet på verkstader og lærekrefter.
- Samla skuleareal skal reduserast for å redusere driftskostnadene.
- Investeringsbehovet skal avgrensast.
- Ved strukturendring bør og omsetningsverdi, verneverdi og -restriksjonar takast omsyn til.

Ei administrativ samanslåing skal bidra til å oppnå dei økonomiske kriteria og ikkje minst bidra til at ein startar prosessen med å etablere ein meir rasjonell driftsøkonomi fram mot ei fysisk samanslåing.

## Leiing

### Opplæringslova § 9-1. Leiing

*«Kvar skule skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing.*

*Opplæringa i skulen skal leiast av rektorer. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skulane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Den som skal tilsettast som rektor må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar. Rektorer kan tilsettast på åremål.*

*Departementet kan etter søknad gjere unntak frå reglane i andre ledd og gi høve til andre måtar å organisere leiinga på.»*

Det kan vere fleire modellar for korleis ein slår saman to skular og driftar desse vidare. Dette vil avhenge mellom anna av fagtilbod, geografiske avstandar og skulestorleik. Arbeidsprosessen som leiar fram til ein samanslått skule, må ha til føremål å leie fram til den mest tenlege løysinga. Eit viktig hovudprinsipp vil vere at det blir *ein* rektor, *ei* leiing og *ei* økonomisk-administrativ eining.

Når avgjerd om omstilling/etablering er tatt, må leiarstrukturen på plass. Leiinga må ha god tid til planlegging og tilrettelegging for ein samanslått skule.

## Personalhandtering

I samband med samanslåingsprosessar vil det vere særleg viktig å ivareta krav til arbeidsmiljø, jf. AML kap. 4. Arbeidsmiljøutval, jf. AML kap 7, og informasjon- og drøfting, jf. AML kap 8. Dette vil vere ei sentral rettesnor i prosessane. Vidare må Hordaland fylkeskommune sine interne reglar når det gjeld omstilling og endring; omstillingsreglane, omstillingstiltak og reglar for handtering av overtalege, leggast til grunn. Det skal òg vere ein plan for korleis personalspørsmål skal handterast i samsvar med prinsippa over.

## Gjennomføring

Dersom det ligg føre eit vedtak om fysisk samanslåing av to skular, tilrår fylkesrådmannen at administrasjonen har fullmakt til å sette i verk ei administrativ samanslåing. Oppstart av arbeidet skal meldast til Opplærings- og helseutvalet i forkant saman med eit mandat for arbeidet frå fylkesrådmannen.

Sjølvे prosessen skal gjennomførast med involvering frå dei aktuelle skulane, og dei skal vere informert i god tid før arbeidet startar. Det må lagast ein klar framdriftsplan som må kunna reviderast ved behov. Eit

nært samarbeid med tillitsvalde og verneombod er viktig. Tidsressurs eller del av stillinga til rektor (ev alternativ prosjektleiar) må settast av til prosjektleiing.

*Arbeidet vert organisert i omstillingsutval/prosjektgruppe der ein tilrår følgjande samansetning:*

- Skuleleiing
- Faglærarar
- Tillitsvalde
- Verneombod
- HR-seksjonen
- Opplæringsavdelinga

Elevråda ved dei aktuelle skulane bør òg involverast i ein slik prosess.

*Overlevering og oppfølging av prosjekt etter gjennomføring:*

- Evaluering av gjennomføring
- Melding til politisk nivå om prosjekteresultat/gjennomføring av vedtak/løypemelding skulebruksplanen
- Evaluering (gevinstar/kostnader) etter 3 og 5 år

## **Skulane i Arna og Kvam**

*Arna:*

Vedtak i f.t.sak 1/13, punkt 2a:

«**Arna vgs og Garnes vgs vert slått saman og samlokalisert i Arna vgs sine lokale. Fagtilbod og dimensjonering på den samanslattede skulen vert som vist i tabell i saksutgreiinga. (....)**

**Design og handverk (DH) og teknikk og industriell produksjon (TIP) vert lagt ned. Påbygg til generell studiekompetanse (PÅ) ved Garnes vgs vert og lagt ned. Skulen må tilretteleggjast for å kunne starte opp tilbod på MK. Arna vgs ST vert vidareført. HFK ønskjer å vurdere 8-13-skule i samband med Bergen kommune si planlagde utbygging av Seimsmyrane ungdomsskule.»**

*Kvam:*

Vedtak i f.t.sak 1/13, punkt 7a:

«**Norheimsund vgs og Øystese gymnas vert slått saman til ein skule lokalisert til Norheimsund.**

**Fagtilbod og dimensjonering på den samanslattede skulen vert som vist i tabell i saksutgreiinga.(....) Design og handverk (DH) og påbygg (PÅ) vert lagt ned. VG2 kjøretøy vert flytta til Voss vgs. I første omgang vil skulen ha to avdelingar, ein i Norheimsund og ein i Øystese. Fagtilboda vil halde fram på same lokalisering som i dag inntil den nye skulen vert samlokalisert i nytt bygg.»**

Fylkesrådmannen tilrår at det vert sett i gang arbeid med administrativ samanslåing i Arna og i Kvam. Skulane skal ha *ei* leiing og vere *ei* økonomisk- administrativ eining seinast innan skulestart 2016.